

Referat styremøte.

Tysdag 03.06.14. Kl. 19.00

Idrettens hus

Til stades : Ove Skaret, Erik Johansen, Jon Arild Myrvold, Sigmund Nøbben, Elisa Sevilla, Tor Omar Heyerdal Nyqvist, Tor Nordaas, Øyvind Dahle, Bodil Enger, Aina Merete Karijord, Tor Erik Nyqvist. I tillegg møtte økonomiansvarleg Knut Jan Moen.

Forfall : Reidun Gudny Veflen, Tine Stølen, Rolf Kjetil Gulbrandsen.

1. Orientering om økonomi.

Knut Jan orienterte om budsjett, økonomiutsikter og likviditet

2. Godkjenning av nytt årsrekskap for fotballgruppa.

Vedtak : Årsrekskapen for fotballgruppa 2013 vart godkjent. Samrøystes.

3. Forsikring.

Leiar orienterte. Utveksling av erfaringar. Informasjon til utøvarar og foreldre er viktig. Trening på treningsrommet på Storefoss skjer på eige ansvar. Blir ikkje organisert av idrettslaget.

4. Generalforsamling i ØSIA AS og BS AS. ( 10. juni)

Leiar orienterte om utviklinga i selskapa og inviterte styret til å kome på generalforsamlingane. ØSIA AS tysdag 10. juni kl. 1900. BS AS kl 2000. Idrettens hus. Styret var enig i arbeidet som blir gjort med omsyn til nye styre i selskapa.

5 Opprusting/vedlikehald Storefoss.

Jon Arild orienterte om synfaring på Storefoss og oppretting av ein anleggskomite.

Vedtak : Jon Arild får fullmakt til å prioritere innanfor lista og gjere nødvendige innkjøp for inntil 20.000 kr. Viktig å halde kontakt med økonomiansvarleg . Dette på grunn av likviditet. Samrøystes.

## 6 Samarbeid Rogne IL.

Leiar orienterte om kontakt med Rogne. Rogne ønsker felles styremøte måndag 1. september.

Vedtak : Prinsippet om å kunne delta i det andre laget sine aktivitetar blir oppretthalde. Leiar drøftar avtala om fotballgruppa og finansiering av gruppa. Skal og ta opp at vi bør arbeide mot lik medlemskontingent. Samrøystes.

## 7 Møteplan.

Vedtak. Styremøte på tysdagar : 26. august, 23. september, 28. oktober, 25. november. Samrøystes.

## 8 Nytt frå gruppene.

Karate :     - Gradering onsdag 4. juni.  
                  - 35 har betalt treningsavgift.  
                  - Har fått fleire vaksne medl.

Allidrett :   - Har hatt aktivitet også etter påske.  
                  - 35 har vore med på aktivitetane.  
                  - Vil starte sesongen med deltaking i Fjellstafetten.  
                  - Ønsker eit felles arrangement for å profilere idretten til hausten. Bør vere eit samarbeid mellom fleire grupper evt. heile laget.

Ski :           - Vil arrangere klubbrenn også på Storefoss.  
                  - Trening/skileik torsdagar.  
                  - Langturar med hovudlykt.

Handball:    - Avslutta sesongen før påske.  
                  - Ål –cup med J-12.  
                  - Samarbeider med Rogne.  
                  - Vanskeleg å halde på utøvarane når dei blie eldre.  
                  - Ønsker å trene saman med fotball.  
                  - Vart invitert til å trene saman med karate.

Andre innspel på møtet : Elisa – ønsker bilete frå akt. For å bruke overfor sponsorar. Ove tek kontakt med Rolf Kjetil.

Markedsføring av aktivitetar i skular/ barnehagar.  
Gruppene bør gjere dette felles. Ove held kontakt med  
skulekontor. Styresak til hausten.

9. Ove orienterte om kontakt med kommunen vedk. tippemidlar og  
kulturtilskott. Sponsormøte med Sparebank 1 onsdag 18 kl. 1000 på  
Beitostølen. Erik Ø., Elisa og Jon Arild blir med.

Heggenes 030614

Ref. Ove Skaret